




1/2013

# Kyrkjeblad

*for Vestre Slidre*



# PÅSKEANDAKT 2013

«Og Josef tok Jesu kropp ned, svøpte den i et linklede og la ham i en grav...»  
(Luk 23,53)

Våre barn er våre barn hele livet. Maria, Jesu mor, er bildet på morshjertet som gleder seg når det går barnet godt, og som lider når sønnen lider. De svøpte ham og la ham – i en grav. Kontrastene er store mellom gledesscenen i stallen og den andre gang Jesus ble svøpt og lagt ned. Hans mor, Maria, var der begge gangene. Hun fødte ham til verden, og opplevde underfulle ting rundt hans fødsel. Hun stod ved korset til han drog sin siste pust og døde. Hyllet som konge da han ble født. Henrettet som en forbryter. Maria kalles smertens mor. Hun gir ansikt til den dramatiske fortellingen om Jesu vei til korset. Hennes smerte og fortvilelse er virkelig. Like virkelig som sønnens død.

Alle fire evangelister beskriver hvordan Jesus blir tatt ned fra korset av Josef fra Arimatea, svøpt i lin og lagt i en grav. Slik understrekker de at Jesu død var helt reell. Mange så det som skjedde. De var der. De bar hans døde kropp til graven. I den nye bibeloversettelsen har de tydeliggjort at Jesus var kropp av kjøtt og blod. Det greske ordet er ikke lenger oversatt med legeme. Nå heter det kropp. Jesu døde kropp i

menneskenes hender, viser oss en side ved Gud som er nesten like utenkelig som selve oppstandelsen: Den evige og underfulle Gud, forlatt, makteslös og overgitt til dødskreftene. Kvinner som hadde fulgt gravferden, og sett hans døde kropp, var også de første til å erfare oppstandelsen. De fant linkledet liggende tomt i en åpen grav. Etter den dagen er ikke Jesu død lenger et tegn på maktesløshet, men et tegn på at Guds håp er plantet på jorden for oss alle. Han som i sannhet var død, lever i dag og går med oss alle dager. Fremdeles lever vi i kontrastenes verden. Men langfredag kan aldri mer markeres i vår kirke uten lyset fra påskedagen. Det totale mørket finnes ikke lenger. Svein Ellingsen sier det slik i en av sine vakre salmer :

*Herre du våker i verdens natt,  
Herre, du bor i mørket,  
Herre du viser oss Kristi dag.  
Selv under livets tyngste slag,  
er vi hos deg, du vår Gud.*

Solveig Fiske - biskop

## Jesu likklede

har vore sterkt diskutert gjennom hundreåra. No er eit klede stilt ut i domkyrkja i Torino, som ”Likkledet i Torino”, eit linklede, 4x1 m, med klare avtrykk av ein mishandla menneskekropp, med blodflekker, og med om lag 50 ulike slag blomsterstov frå mange område rundt Middelhavet. Dette likkledet er i serklasse det objektet i verda som er mest undersøkt på vitskapeleg vis. Mange påstår det må vera likkledet som Jesus frå Nasaret vart lagt i. Saka er drøfta og omskriven i boka ”Likkledet i Torino – et tegn i vår tid” (av Jostein Andreassen).

Pressekipp



# Min påskesalme

**Jesus Christ is risen today – Easter Hymn**

Jesus Christ is risen today Alleluia!  
our triumphant holy day Alleluia!  
who died once upon the cross Alleluia!  
suffer to redeem our loss Alleluia!

Dette er første vers av en hymne vi synger i påsken i Skottland. Den er også en velkjent salme her i Norge, nr.191.

Selv om jeg har bodd her i over 50 år, så er det noe med den engelske teksten som kommer meg

nærmore. Det er kanskje noe med barnelærdommen ; det var det første jeg lærte.

Ønsker alle mine sambygdingar en God Påske.

*Anne Holden.*



## Abrahams barn

er eit dramatisert ein-manns teaterstykke av Svein Tindberg. Der tek han for seg Abraham si historie, som er fortald både i Bibelen og i Koranen, Frå heimen i Ur i Kaldea (i dagens Irak), tok han ut på vandring - truleg 1700-1800 år før Jesus vart fødd - gjennom mange land, med kona Sara, som var halvsyster hans, og med nærfamilien sin. Dei gjekk nordover til Babylon, vidare til Ninive i Assyria, sørover til Egypt, og so nordover til Hebron, litt sør for Jerusalem, der han fann "det lova landet". Fyrst no avla han eigen familie, og fekk sønene Ismael med den egyptiske trælkvinna Hagar, og Isak, med kona si 13 år seinare. Enda nokre år seinare vert Hagar og sonen hennar jaga frå heimen, og måtte sidan brødfø seg sjølv, men Gud hjelper dei å overleva i ørken og mellom framande. Etter dette er Ismael rekna som arabarane sin stamfar, og Isak blir berar av den guddommelege lovnaden til Israelsfolket. Jødane sin religiøse kultur er bygd i trua på berre ein Gud, men byggjer på Mosebøkene (Toraen), og er da rekna som svært konservativ i dag. Kristendommen har eit

seinare utgangspunkt for si tru. Islam er den yngste av desse tre verdsreligionane, men trur òg fast på berre ein Gud. Da er altså Jødedom, Kristendom og Islam nærskylde, og uløyseleg knytte til kvarandre som ættingar etter Abraham og i trua på ein Gud ! Lell slåst vi enno som hund og katt om ulike tolkingar av dei same skriftlege kjeldene, kan henda berre om nyansar i språket etter unøyaktige omsetjingar av dei opphavelege tekstane ? Eld og sverd har vore brukta i religionskrigar gjennom hundreåra, og den kristne verda har so visst ikkje vore kleinare enn andre religionar i å bruка makt for å spreia si tru som den einaste rette !

Svein Tindberg har lese og granska både Toraen, Bibelen og Koranen, og har reist i fara etter Abraham, slik dei er omtala i dei gamle skriftkjeldene. Han har take skriven og uskriven historie på alvor, og han kan formidle soga på forvitneleg vis.

Får du høve, må du sjå og oppleva dette teaterstykket!

# Kyrkjeloge handlingar

## DØYPTE

LOMEN SOKN

20.01.13 Tobias Johan Hamlot Karlsen

RØN SOKN

27.01.13 Kornelia Hippe Sælid i Ulnes kyrkje

SLIDRE SOKN

26.12.12 Andreas Asheim Remmen i Heensåsen kyrkje

03.02.13 Thias Tvenge

## VIGDE

RØN SOKN

31.12.12 Mona Svanheld og Anders Nysæther

## JORDFESTA

LOMEN SOKN

16.11.12 Aud Karin Brekken f. 1959

04.01.13 Anne Lome Kvikstad f. 1925

04.01.13 Palmer Kvikstad f. 1922

08.01.13 Odd Moen f. 1940

01.02.13 Marit Garvik f. 1929

RØN SOKN

11.01.13 Øystein Stavenjord f. 1955

SLIDRE SOKN

26.02.13 Knut Jørgen Grefsrud f. 1941

26.11.12 Jørgen Christian Funder f. 1922

11.01.13 Astrid Bråten f. 1937

01.02.13 Inger Trøen f. 1933

08.02.13 Aud Berit Dokkehaugen f. 1952

12.02.13 Arne Sandhaug f. 1949

01.03.13 Knut Einang f. 1924



# No kjem ho...

altså hit, biskopen, for å sjå om flokken sin, slik ein god gjetar skal gjera i både gode og vonde dagar. Norsk kyrkjerett seier at bispevisitas skal haldast minst kvart 8. år i alle sokn. Den seinaste visitasen vi har hatt i Vestre Slidre, var da Rosemarie Køhn var her i 1998, men sidan da har Valdres hatt ein pros-tivisitas i 2004. Solveig Fiske har aldri vore her som biskop, og vi gler oss til å møta henne i denne rolla, og visa fram kommunen og bygdene i tidleg og ung vår. Om kyrkjebenkane ikkje er overfylte til vanleg, bør vi møta mannjamt fram til dei tillyste samlingane i/rundt kyrkjene våre når ho er her, frå alle trusret-

ningar og ”av alle folkeslekters tall”. Vi kan trygt visa henne dei velstelte kyrkjegardane vi har, men vi må nok òg visa henne at vedlikehaldet av kyrkjebygga krev større midlar og meir pengar enn vi rår over. Ikkje ventar vi at ho skal ausa ut eller lova oss midlar or eit pengeskrin ho ikkje har, men vi ventar nok at ho ser og skjørnar spraket mellom vilje og evne, for vi er jo glade i kyrkjene våre her, og berre respekt gagnar ikkje vedlikehaldet.

Biskop Solveig Fiske er velkommen til Vestre Slidre !

# Bispevisitas i Vestre Slidre

VÅREN 2013

VELKOMEN TIL FOLKEKYRKJA I VESTRE SLIDRE

30. APRIL - 5. MAI



1. mai  
kl. 1100  
Solidaritetsmesse i  
Røn kyrkje  
(Biskopen deltek)

Begeistring, Mot,  
Raushet, Handling  
og Lagånd

## Vekeprogram

### 30. april

**kl. 0900 Slidredomen**  
Morgonsong (*Alle vel møtt*)

**kl. 0930 Prestegarden**  
Gjennomgong av program

**kl. 1030 Grendehuskafeen**  
Lunsj og møte med dei tilsette

**kl. 1200 Johmsborg**  
Besök i smia til Knut Olav Dokken

**kl. 1330 Olbergsalen**  
Møte med elevar frå Slidre skule

**kl. 1515 Slidre Skule**  
Møte med lærarane i Vestre-Slidre

**kl. 1930 Lomen kyrkje**  
Gladsong med fleire kor  
(*Alle vel møtt*)

### 2. mai

**kl. 0900 Øyjar kapell**  
Morgonsong (*Alle vel møtt*)

**kl. 1000 Røn naturbarnehage**

**kl. 1100 Røn kafé**  
Møte med fellesrådet

**kl. 1230 Brennabu leirskule**  
Besøke stab. Lunsj

**kl. 1430 Lundeskogen asylmottak**

**kl. 1800 Tingsteinen**  
Pilegrimsvandring til  
Slidredomen (*Alle vel møtt*)

**kl. 1930 Røn kyrkjestogo**  
Møte med sokneråda

### 3. mai

**kl. 0900 Lomen stavkyrkje**  
Morgonsong (*Alle vel møtt*)

**kl. 0930 Lome gard**

**kl. 1115 Sjukeheimen**  
Andakt ved biskopen (*Alle*)

**kl. 1215 Plassen**  
Frivilligsentralen og Middag

**kl. 1430 Kommunesenteret**  
Møte med kommunen

### 5. mai

**kl. 0930 Kyrkjegården**  
Vigsling av ny kyrkjegard  
(*Alle vel møtt*)

**kl. 1100 Slidredomen**  
Visitaspudsteneste (*Alle*)

**kl. 1300 Sanitetssalen**  
Kyrkjekaffe ((*Alle vel møtt*))

# Telegram

har vi fleire av i Vestre Slidre. Alt for meire enn 50 år sidan fekk vi kondolansetelegramma, opphaveleg laga av Ivar Ødegård i Røn, og for rundt 30 år sidan kom konfirmanttelegramma, truleg etter opptak og påtrykk frå soknerådet i Lomen. Fleire lokale personar har teikna ulike motiv på helsingane. Vi vil koma attende med ein meir utførleg omtale av historia om telegramma i neste utgåve av Kyrkjebladet, men denne gongen berre minna om at du skal finna dei hos Lasskogen på Vaset, hos Lena Maskin, hos Kiwi, hos Oddvar Thon i Rogndokken, hos COOP Slidre, hos Nils K. Dokken ved Johmsborg, og

hos soknerådsmedlemmane i Lomen. Vi vil òg freista få dei som diskevare i Ryfoss, men det er uklårt enno.

ALLE telegramma har same pris : dei kostar 20.- kr



## Konfirmantar i Vestre Slidre i 2013

dag	stad	tid	namn
26. MAI	Røn Kyrkje	10,30	Elin Sylvester Hambro Ingrid Hambro Haugland Brede Kleiven Lagrud Trygve Røn Celine Furuholmen Samsing Volden
26. MAI		12,00	Kristjana Berg Aleksander Einang Sine Kattevold Nordåker Vilde Nyhagen Rebekka Svensson Opheim Håkon Ulvestad
1. JUNI	Slidredomen	12,00	Ida Hoberg
2. JUNI	Slidredomen	11,00	Hilde Kolstad Karina Løvlie Christian Mortensrud Karen Anna Nybakke Lile Viktoria Odden Andreas Rud Kristoffer Joakim Stølen Karoline Stølshaug
9. JUNI	Lomen Kyrkje	11,00	Kato Gullhaug Ådne Gustavsen

Lat deim som festa vil si pakt, ditt faderhjarta finne,  
og lat det JA, som no er sagt, deim aldri gå av minne !  
Men veik er ein og kvar, og livsens strid er hard !  
Ver deira fylgjesvein, og hjelp deim kvar og ein  
til enden tru å vera !



# Røysterett for kvinner

både kommunal og nasjonal, var eit heitt politisk emne sist i 1800-åra. Lovverket vart endra i 1901 slik at kvinner med ei viss formue eller inntekt fekk communal stemmerett. Vil-kåra vart fjerna i 1910, og frå 1911 vart kvinnene også valbare, slik at Anna Rogstad vart fyrste kvinnelege stortingsrepresentant. Ho kjempa hardt m.a. for at kvinner skulle få forkynna i kyrkjene. Dette hende ikkje før Marta Steinsvik, som var utdanna prest, heldt preika i ei fullsett Grønland Kirke i 1920, utan at soknepresten lika det. Dette førde til at Stortinget ved lov forboud kvinnelege forkynnara i kyrkjene. Full og vilkårslaus røysterett for kvinner vart lansert for Stortinget alt i 1886, men det gjekk 27 år før tanken vart røyndom. Framlegget vart drøfta i 1890, i 1893, i 1895 og 1898, 1903/04 og 1907, men ikkje før 11.juni 1913 vart

§ 50 i Grunnlova varig endra og fekk denne ordlyden : ”§ 50. Stemmeberettige ere de norske Borgere, Mænd og Kvinder, der have fyldt 25 Aar, og som have været bosatte i Landet i 5 Aar og opholde sig der” . Grannelanda våre gjennomførde saka i 1906 i Finland, 1915 i Danmark, 1921 i Sverige og 1928 i Storbritannia.

Den nasjonale komiteen for markeringa av Røysterettsjubileet i Norge har peika ut Dei Fire Store kvinnelege forkjemparane i denne mogningsstida : Camilla Collett, Fredrikke Marie Qvam, Gina Krog og Fernanda Nissen. **Kva hadde vi vore i dag, og kvar hadde vi vore utan dei ? Vi har mykje å takka dei for!**

## Kyrkjepassa

KYRKJEPASSA er ikkje ein organisasjon, men eit samarbeidsprosjekt for alle sokna i Valdres som har middelalderkyrkjer, og meininga er å auke kunnskapen om og interessa for kyrkjer og kyrkjeliv i prostiet. Tanken og initiativet kom opphaveleg frå Katarina Spartstad i Valdres Natur- og Kulturpark, kyrkjeverge Kristen Mathias Hyrve i Sør-Aurdal, Hans Enger som friviljug pilegrimsmedarbeidar, sokneprest Carl Philip Weisser, og prost Anne Hilde Øygarden. Alle sokna vart inviterte til å vera med på friviljug grunnlag, og alle er med. Prosjektet er truleg eineståande her i landet.

Startpengar fekk vi frå OVF (OpplysningsVesenets Fond), frå Valdres Natur- og Kulturpark og frå eit internt og stuttvarig lån. Stempelmotiva i Passet er eit bilet av kvar kyrkje, og prestane skreiv ein stutt tekst om kvar av dei. Trykkinga vart gjort av Kreativ Strek, og passa vart ei fin lita trykksak. Kvart sokn har kjøpte to -2- stempel + ei stempelkasse, og betalte 800.- kr for dette i 2011.

Det har vore eit mål å vera sjølvfinansierande, å unngå byråkratisering, eller å bli ”ein stat i staten”. Fellesråda i Valdres har ikkje hatt direkte utlegg til kyrkjepassa, anna enn eit lite skriv i kvar stempelkasse. Fellesrådet i Vang førde rekneskapen frå starten, men frå oktober i 2012 har Ola T. Grøv gjort dette. Pengane for dei selde passa hamnar i dag på ein eigen konto, som no står med rundt 4.500.- kr på ”godssida” i rekneskapen. Passet kostar 100.- kr, då trur vi det har sopass ”verdi” at dei som kjøpar det, brukar det og tek vare på det. Legg søndagsturen din innom ei eller fleire av middelalderkyrkjene våre i preiketid, kjøp Kyrkjepass og få det stempla ! Dei ”flittigste stempelsamarane” er kvart år med i trekning om ein kunstbibel.

## Kyrkjevalet 2013

held vi samtidig med stortingsvalet, 8.-9. september i år. No held vi soknerådsval kvart 2. år, slik at vi kan skifta ut halvdelen av råda i kvart val. Dette gjer at vi kan unngå å måtta starta ein 4-års valperiode med berre nye medlemmar. Dei som vart valde i 2009, er altså på val i år : Olaug Storhaug, Nils Moen og Steinar Lagrud i Røn, Kari Synnøve Moe Nevland, Knut Olav Dokken og Gunnar Breivik i Slidre, Ingrid Røvang, Marit G. Lome og Nils Garvik i Lomen. Ingen av desse er enno spurde om dei vil halda fram. Røysteføre er alle som er fødde i 1998 eller tidlegare, men valbare er berre dei som er fødde i 1995 eller tidlegare. Vala her pliktar like sterkt som politiske val, og det skal gode grunnar til for å be seg friteken. Personar over 65 år kan nekta å vera med, i prinsippet svært få andre. Sokneråda startar arbeidet med listeoppsett no, og dei oppsette kandidatane får brev med spørsmål om dei vil ta dette engasjementet i kyrjeleg arbeid. Innan ein viss frist kan dei be seg fritekne, men må ha gode grunnar å visa til. Vi må minna om at dette er ei form for ”lokal verneplikt”, i same grad som val til kommunestyret.

## Kunngjering

Styret for stiftelsen Torgeir Før's minne deler ut midlar til lag og private som driv kristent barne- og ungdomsarbeid i Vang og i Vestre Slidre. Dei som tek utdanning/kurs, eller vil delta på leir i kristen regi, kan også søkje.

No er det ingen søknadsfrist, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. Send søknaden din til Torgeir Før's minne, v/ Leif Homme, 2967 Lomen

# Lomen Kyrkje

vart innvigd Olsokdagen, den 29. juli 1914. Det er eit murbygg i rekktangelform, og med 200 sitjeplassar. Kyrkja har status som "listeført", men heldigvis ikkje freda. Då kyrkja var 75 år i 1989, gav Lomen Sokneråd ut ei jubileumsbok, ført i pennen av Geir Beistruten, Trond B. Hamre og Leif

Homme. Boka har ikkje årstal på framsida. No hastar det med å samla historia om dei seinaste 25 åra, og leggja dette til den førre boka, slik at vi kan få ei fullverdig "100-årsbok" til det planlagte jubileet den 29. juli 2014. Kven tek denne oppgåva? Soknerådet har alt no invitert tidlegare prestar og

biskopar som har vore knytte til Vestre Slidre. Vår eigen kunstsmed, Knut Olav Dokken, vil laga ein prosesjonskross, men teikninga må fyrst godkjennast av Soknerådet, av Kyrkjeleg Fellesråd og av Biskopen. Vi må òg få tru at avflassa målingsflater inni kyrkja vert pussa opp.

## For ettertida

har sokneråda i lag med presten bestemt at kvart sokn skal ha ansvaret for "si hending" i året. RØN skal ha Lys Vaken, SLIDRE skal ha Tårnagentar, og LOMEN skal ha utdelinga av 4-6-årsbökene + søndagsskuleskirennet. Sokna vil gjerne hjelpe kvarandre om det trengst, men fyrsteansvaret ligg hos det lokale sokne-rådet.

Bilda er frå utdelinga av 4-6-årsbökene i år, og frå venstre på det første bildet ser vi Gabriel Krossøy-Gullhaug, Audun Garvik og Mai Hålien. Det andre bildet viser Lilja Marie Hamlot Karlsen, Odne Krossøy-Gullhaug, Noah Hålien og Mali Gustavsen.



# «Lys vaken»

I Røn Kyrkje 8.-9. desember 2012. Iskald adventkveld, madrassar, bagar, 15 forventningsfulle, modige 11-åringar, soveposar, vaffellukt, lek og lerd. Dette var "biletet" frå kyrkjestogun i Røn 8.desember. Trusopplæringsprogrammet for denne aldersgruppa i "prestegjeldet" vårt var i startgropa, og skulle vara til etter gudstenesta dagen etter. Uvand for foreldra å late seg unga sine til kyrkjeovernattning ein laurdag. Spanande å vera vaksen ved eit slikt overnattingsopplegg, truleg endå meir spanande for deltakarane.

Etter grundig forarbeid og kyndig leiing i ein glad og ungdommeleg tone stod truslærar Kjersti Ødegaard og presten vår, Ola Døhl, i spissen for at unge og vaksne raskt kom i gang. Fjorårskonfirmantane Ingrid og Anja var inspiratorar og gode hjelparar. På tur inn i kyrkja "la dei ned våpena", fekk praktiske opplysningar, vart kjende med reglar, song, og hadde Bli-kjend-leikar. Så var det i gang med gudsteneste-verkstad og førebuingar til bønevandring. Ei skattejakt i kyrkja gjorde dei unge kjende med kyrkjeinventaret, symbola og sakramenta. Det var dramatisering, samtal om dåpen, altaret, preikestolen, nattverden og Ordet/forkynninga og samling kring lysgloben. Forteljinga om Jesus i tempelet som 12-åring var sentral.

Men laurdagskveld er og verdsleg kos, difor helgemat i kyrkjestogun og godteposar i etterkant! Ved siste kveldssamlinga i kyrkja hadde Magnhild høgtlesing før alle kraup ned i soveposane og bad kveldsbøn. Foreldre, kyrkjeleg tilsette og soknerådsmedlemmane i Røn stilte som vakter og praktiske tilretteleggjarar.

Sundag morgen vart alle vekte av planlagt orgelbrus som oppstart før frokosten i kyrkjestogun. Ein kunne ane flygande sommarfuglar i mange magar i forkant av gudstenesta..... Lys vakne var dei alle då kyrkjeklokken ringde til messe kl 11. Flotte, unge menneske som hadde opplevd eit annleis fellesskap, hadde førebudd og sto klare til å gjennomføre gudsteneste saman med foreldre, syskjen og andre kyrkje-gjengalar. Dei unge var kyrkjevertar, gjekk i prosesjon, tende lys, las bøner og song. Ola, Kjersti og Are hadde full kontroll heilt til

Goggen dukka opp og stilte presten overfor ein del utfordrande problemstillingar! For ei forrykande "preike"! Takk til Cecilie og Ola i prestegarden, Magnhild Skjel, medlemmar i Soknerådet, foreldre som tok nattvakter, Are Alund og Per Olav Svenskerud! Kan trygt seie det var god stemning i kyrkja, og tydeleg kontakt mellom kyrkjelyd og alle formidlarane under gudstenesta! Det må vel vera eit av måla for det kyrkjelege arbeidet?!

Ei minnerik oppleving for 11-åringane.

Ei interessant oppgåve for dei som stelte det i stand.

Takk til alle gode hjelparar frå ABSS og KKØ



Bildet viser ein glad flokk i samlinga når dei øver inn eit av innslaga til søndagsgudstenesta i Røn, i lag med Kjersti Kirkeby Ødegaard.


# For dei små

Tegn strek fra tall til tall



**Jesus lever!**

**Emne 34: Matt 28,1–15**



**Skjærtorsdag kveld**

**Emne 32: Luk 22 (utdrag)**

## Påskedessert.



2 appelsin  
2 blodappelsin  
1 granateple  
150 g mandelflak  
2 ts honning  
4 ss yoghurt  
litt fersk rosmarin

Skjær skallet av appelsinane. Skjær i tjukke skiver, deretter i passe store trekanta. Ha dette i ein bolle. Del granateple i to, ta ut kjernane, ha dei over appelsinbitane. Dryss over mandelflaka. Bland honningen i yoghurten, legg den i klattar oppå. Pynt med blader av rosmarin.

## Sjokoladekake med appelsinkrem



100 g smør  
200 g sukker  
3 egg  
225 g kveitemjøl  
2 ts bakepulver  
1,5 ss kakao  
1,5 dl kulturmjølk

Rør smør og sukker lett og luftig. Tilsett eit egg i send, og rør godt mellom kvart. Røra skal bli som til eggedosis. Sikt alt det tørre, og ha det i vekselvis med mjølk.

Smør ei form nr. 23 / 24 med bakepapir i botn. Ha i røra og steik ved 175 grader i ca 45 min. kjenn med ei kakenål om den er steikt. Avkjøl.

### Appelsinkrem.

5 plater gelantin  
1 dl kokande vatn  
2 egg  
4 ss sukker  
1 dl appelsinjuice  
1 dl kremfløyte

Legg gelantinplatene i kaldt vatn i 10 min. Visp egg og sukker til eggedosis, fløyta til krem. Klem vatnet ut av gelantin og smelt den i 0,5 dl kokande vatn. Hell den oppløyste gelantin i juice, og deretter i eggedosisen. Bland forsiktig i kremen, rør til det begynner å stivne. Del kaka i to. Dynk den med litt appelsinjuice. Legg den eine halvdelen på eit fat, ha i appelsinkremen, så den andre halvdelen. Pynt med appelsinbåtar og eit melisdryss. Ein kan også laga ein enkel sjokoladekrem, og ha den oppå kaka.

---

## ÅRSMELDING 2012 FOR DIAKONIARBEIDAR I VESTRE SLIDRE

Vestre Slidre prestegjeld har p.t. diakoniarbeidar i 30 % stilling, oppretta hausten 1998.

**VERKSEMD.** Diakoni er kyrkja sin omsorgsdel. Kyrkja skal ha omsorg for heile mennesket ved å skape gode fellesskap der flest mogleg kan finne ein stad å trivast i kyrkjelivet vårt. I år har det vore besøksteneste, andakter, songkveldar og arbeid retta mot Lundeskogen Asylsøkjarmottak Noko guds- tenestearbeid har det også vore.

**SAMARBEID MED FRIVILJUGE.** Dei mange som utfører friviljug diakoniarbeid i Vestre Slidre er gode og umissande samarbeidspartnarar i det diakonale arbeidet, like så kantor og prest .Det er heilt avgjerande av at nokon stiller opp og hjelper til med ulike tenester. Ein varm takk til alle friviljuge!

**SJELESORG.** Det har vore sjèlesorgsamtalar både på kontoret og i heimar.

**BESØKSTENESTA.** Det har vore heimebesøk på asylsøkjarmottak, i heim og omsorgsbustad.

Besøkstenesta på sjukeheimen har 14 medlemer i tenesta. Det vert sett opp liste for dei som er med i ordninga. Saman med personalet lagar vi også til sommarfest, lefsebakedag i advent og joletrefest på sjukeheimen.

**SONGKVELDAR.** Det har vore faste songkveldar på Skrøvik grendehus. Der har vi henta fram skattar frå Mads Berg si skulesangbok, hatt gode samtalar og sosialt samvær.

**ANDAKTER.** Kantor, diakon og sokneprest har hatt andakt på sjukeheimen annankvar onsdag ettermiddag.

**LITURGISK TENESTE.** Diakonen har halde båreandakter i samband med bisetjing, hatt nokre urnenedsetjingar, delteke i arbeidet med lokalt utforma forbør, hatt konfirmanttime om diakoni, og vore med på ein del øvingar i forkant av spesielle gudstenester.

**LUNDESKOGEN ASYLSØKJARMOTTAK.** Det har vore 4 "Bibel-soupe"- samlingar i Lomen. Dette er ein stad for møte mellom fastbuande og asylsøkjarar der vi et kveldsmat saman, ber og samtaler over ein bibeltekst, og elles deler smått og stort -. Asylsøkjarar frå Lundeskogen har vore aktørar i guds-tenestene på 17. mai og i "Messe for forfulgte kristne" KURS. Diakonen var på inspirasjonssamling om integrering. Samlinga var på Vangen, Hoff på Toten. 4 frå Lundeskogen asylsøkjarmottak var med. Deltok på "Verdighet i Valdres" på Fagernes. Deltok på Trusopplæringskonferansen i Lillestrøm.

**POSOM.** Dette er ei tverrfagleg kommunal eining for sorgstøtte: Psykisk og sosial omsorg ved ulukker og katastrofer. Diakonen er med i denne gruppa.

Slidre, februar 2013 - Joan Homme

# Gudstenester i Vestre Slidre frå påske til Olsok 2013

Dato	Kyrkje	Kl.	Gudsteneste	Prest
<b>Palmesundag</b>				
24.03.	Lomen kyrkje	11:00	Høgmesse	s.pr. Ola Døhl
<b>Skjærtorsdag</b>				
28.03.	Sekskanten	12:00	Påskegudsteneste	Ola prest
<b>Langfredag</b>				
29.03.	Slidredomen	19:30	Langfredagsmesse	Ola prest
<b>Påskedag</b>				
31.03.	Slidredomen	11:00	Høgtidsmesse. Dåp	Ola prest
<b>2. påskedag</b>				
01.04.	Sjukeheimen	11:00	Påskegudsteneste	Ola prest
<b>2.søndag i påsketida</b>				
07.04.	Lomen kyrkje	11.00	Høgmesse. Årsmøte	Ola prest
<b>4. søndag i påsketida</b>				
21.04.	Slidredomen	11.00	Tårnagentgudsteneste	Eli Vatn
<b>1. mai</b>				
01.05.	Røn kyrkje	11.00	Solidaritetsgudsteneste	Ola prest
<b>6. søndag i påsketida</b>				
05.05.	Slidredomen	11.00	Visitasgudsteneste	Biskop Solveig Fiske
<b>Sundag før pinse</b>				
12.05.	Lomen kyrkje	19.30	Ung messe m/ konfirmantar	Ola prest
17.05.	Slidredomen	10.00	Gudsteneste	Ola prest
Røn kyrkje		11.30	Gudsteneste	Ola prest
<b>Pinsedag</b>				
19.05.	Slidredomen	11.00	Høgmesse	Ola prest
<b>2. pinsedag</b>				
20.05.	Sjukeheimen	11.00	Pinsegudsteneste	Ola prest
<b>Treeiningssundag</b>				
26.05.	Røn kyrkje	10.30	Konfirmasjonsgudsteneste	Ola prest
		12.00	Konfirmasjonsgudsteneste	Ola prest
<b>2. søndag i treeiningstida</b>				
02.06.	Slidredomen	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste	Ola prest
<b>3. søndag i treeiningstida</b>				
09.06.	Lomen kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste	Ola prest
<b>4. søndag i treeiningstida</b>				
16.06.	Røn kyrkje	13.00	Grøn messe	Ola prest
<b>Aposteldagen</b>				
30.06.	Olberg ?	12.00	Friluftsmesse	Vikarprest
<b>7. søndag i treeiningstida</b>				
07.07.	Lomen sokn	12.00	Stølsmesse	Vikarprest
<b>9. søndag i treeiningstida</b>				
21.07.	Røn sokn	12.00	Stølsmesse	Vikarprest
<b>Olsok</b>				
29.07.	Lomen stavkyrkje	19.30	Olsokmesse	Vikarprest

Det kan koma endringar. Følg med i VALDRES!

# Sundagsskuleskirenn i Lomen

Fyrste sundagsskuleskirennet i Lomen vart stelt i stand i 1982. Då gjekk det i Lomisgardo og heitte Lomisrennet. Då var Høyne og Kvåle syndagsskule framleis i gang og heldt til hjå Knut og Ingeborg Hamre. Etter at Lomen sundagsskule begynte i arbeidsromet i Lomen kyrkje, har skirennet vorte arrangert på jordet på Høve vestanfor kyrkja.

I år gjekk det 17. februar av stabelen. Røn sundagsskule var også med. Det starta som vanleg med familiegudsteneste i kyrkja. Prest Ola Døhl fortalte oss om kor viktig det er å øve og trenere for å verte god til å gå på ski. Likeeins må me øve og trenere for å tru på Gud og vere nær Jesus. Det er ikkje så viktig å verte best, men å vere med. Tre ungar frå musikkskulen song fint under leiing av Hilde Nybråten Berg. Så bar det ut i finvåret. Soknerådet og sundagsskulen hadde laga til skiløype. Tolv små og store fekk nummer på brystet og stilte til start. Med stor iver gjekk dei stor eller liten runde, ein eller fleire rundar.

Så snøen spruta, med eleganse og lua på snei! Lett å sjå at det låg mange timars trening bak. Publikum heia dei fram til mål. Det vart tatt tida på alle og notert ned i bok. Nett slik dei gjer på andre skiløp som går i utlandet og heiter VM, men som berre vert som eit lite kretsrenn å rekne i høve til skirennet i Lomen!

Etterpå serverte soknerådet pølser og saft, kaffi og kringle. Alle deltarane fekk diplom og fyrstepremie.

Det er slik me lærer på sundagsskulen; alle som er med, vinn fyrstepremie.

*Sundagsskulen i Lomen vart starta den 15. mai 1988, og kan altså feira 25-årsjubileum i vår. Kva måte det skal skje på, er ikkje bestemt enno. Sokneråda og kyrkjelyden er takksame for at tanken vart knesett og gjennomført den gongen. Vi veit at ungane set pris på samlinga, at den òg gler dei vaksne som er med, og at dette er ei god niste foreldra kan gi ungane sine.  
TAKK!*



Glade deltakarar og arrangørar i 2013.

# Sundagsskula i Røn

Annankvar helg er det sundagsskule i Røn kyrkjestogo, og Kyrkjebladet tok ein tur innom for å helse på. Denne dagen var 8 ungar og nokre vaksne tilstades, og dette blir ei fin stund. Hilde Nybråten Berg er leiar, og her er det sang, forteljingar, leik og moro, så mange fleire burde kome hit.

Røn sundagsskule har vore aktiv i 30 år, og primus motor i alle desse åra har vore Marit Viste. Ho starta på Storhaugskula saman med Sigrid Rosendal regi av soknerådet . Då var det mange ungar, det røste ungar ned frå storhaugberget, minnes Marit. Vi hadde opp til 30 ungar nokre gonger, men det hende også at ingen kom. Då kyrkjestogo sto ferdig, flytte dei dit og slo seg saman med Øvre Røn, som vart leia av Dagny Lisjordet. Marit og Dagny dreiv så vidare til Dagny fall frå, og sidan har fleire hjelpt til. Hilde vart med i 2004, og har sidan vore leiar. Men det er Marit som legg alt til rette, seier Hilde: ho sørger for varmt hus, løser opp og tek imot, måker snø frå døra , ryddar oppatt og fører regnskap. Ho bakar kake. Det må vi ha kvar gong, kake og saft og kaffe til dei vaksne, seier Marit.

Eit spørsmål dukkar opp : kva er drivkrafta som får deg til å stå slik på for ungane i tretti år ? Svaret kjem fort «Eg synes det er ei viktig oppgåve, for alle ungar bør få høre Guds ord, og så er eg veldig glad i ungar, og her er det livat iblant. Og det er berre tull at dei ikkje et kaker»!



f.v. Teodor Nybråten Berg, Vemund Røn,  
Torgrim Røn.

## VISDOM - fra Hartvig Kiran :

Eg las i ei eldgamal preike  
om korleis den rettvise sankar sin skatt :  
At det som du gjer mot dei minste,  
det skal du få tifaldig att.

Eg tok meg det ordet til hjarta,  
og song om all urett og naud som eg såg.  
Det fylte mitt hjarta med rikdom, og velsigna pungen  
min òg.



Redaksjonen  
helsar dykk med ynskje om at DU og  
DINE skal oppleva ei fin påske, og  
minnast det som ein gong hende i desse  
dagane. Vi bed òg om at de møter fram  
til gudsteneste i påska, og til messer og  
andre møte når biskopen kjem hit i neste  
månadskifte.

Turid  
47 65 10 13

Kari Synnøve  
91 17 53 64

Ingrid og Malin  
99 30 76 54

Gunnar  
95 21 07 14

# Søndag

Herlig morgen ! En av disse dager da man våkner med hele kroppen i balanse.

Himmelten er blå, og solen skinner.

Fuglene synger, og hele verden føles så inderlig god.

Alt er i harmoni.

Det er søndag og helgefred – endog trafikken tar det med ro.

Jeg kan liste meg rundt i et sovende hus og nyte den selvvalgte ensomheten.

Med en kopp nykokt kaffe lar jeg kroppen få tid på seg til å våkne.

Hvilken luksus, ingen ting på programmet.

Jeg får endog tid til å studere meg selv i speilet.

Nå ja, det oppdages en del nye rynker siden sist – og flere grå hår –  
men det viser bare at jeg lever. Og rynkene er positive i dag.

Fred, ro, indre renselse – et lite møte med mitt egentlige jeg.

Kirkeklokkene kaller – enda en mulighet til å dyrke mitt indre liv.

Og så kan jeg gå ut i hverdagen, styrket til å møte livet med en bedre balanse.

Vi har så lett for å glemme at vi trenger stillheten, oppe i alt vårt jag.

Kanskje vi ikke helt TØR å møte oss selv. Det er for lenge siden sist.

Men prøv – du kan oppdage nye muligheter.

Forsøk å få litt helgefred. Vi trenger denne hviledagen.

Kanskje mer i vår tid enn noen gang før.

GOD HELG !

**Byggmester  
Haldor Ødegård**



Ellestadelvegen 355, 2967 Lomen  
Tlf: 915 74 316  
E-post: haldoee@online.no



Hus/Hytter • Restaurering  
Prosjektering/tegning